
MØTEREFERAT

Formål: Oppfølging av vedtak om løyve til riving av Elias Mjåtveit – huset, gbnr. 22/15

Møtedato: 07.06.2019

Tilstade: Arne Per Mjåtveit, Marion Mjåtveit, Sølvi Knudsen, Marie Morken, Arnt Brakstad
Frå Meland kommune stilte: Eirik Bouwer Utne, Marianne Aadland Sandvik, Hanne Marie Evensen

Meland Mållag og Meland Sogelag ønsket å ha møte med byggesaksavdeling og kulturavdeling i høve oppfølging av vedtak om løyve til riving av Eliashuset. Kommunen kalte i tillegg inn Arne Per Mjåtveit og Marion Mjåtveit, grunneigarar av gbnr. 22/15.

Ettersom kommunen ved ein feiltaking ikkje sendte kopi av vedtak om løyve til riving av Eliashuset til Meland Mållag og Meland Sogelag, vart ikkje desse gjort oppmerksom på frist for avklaring av tiltak- og gjennomføringsplan for overtaking og flytting av huset som vart satt til 25.05.2019. På bakgrunn av dette ønsket Mållaget og Sogelaget en ny frist for riving.

Alle partar ble einige om at Mållaget og Sogelaget skal ta kontakt med arkitekt Helge Samuelsen i Gamle3hus AS, rett over helgen og få en avklaring på når ein kan rekna med å ha teikningar og plan for demontering klar. Forhåpentleg innan 14 dagar. Kommunen skal få tilbakemelding når dei har snakka med arkitekten.

Grunneigar, Arne Per Mjåtveit og Marion Mjåtveit, ønskjer å bli heldt informert gjennom heile prosessen. Kommunen skal òg få same informasjon.

Ber om tilbakemelding på referatet innan 13.juni dersom noe er feil eller gløymt.